




Biskop Lars Frøyland.

I KORSETTS LYS



VIKING FORLAG
, OSLO 1943

102615

*Preike i Vår Frelsars kyrkje ved Noregs
Ungdomslags landsrådsmøte Helgemesse-
sundag, 1. november 1942.*

På heimveg.

Mt. 5, 13—16.

Noregs Ungdomslag som hev halde rådsmøte her i byen desse dagane, hev ynskt å samlast til gudstenesta for å få helg og høgtid yver stemna si. Det er rett, tykkjer eg, so skal det vera. Norsksdom og kristendom høyrer saman. Eg er glad yver å sjå so mykje gild, vaken og heilhuga ungdom samla her i kyrkja i dag, frå alle landslutar, frå aust og vest, sud og nord. Hjarteleg velkomne skal de vera. Må Gud signa samvere vårt.

Sumaren 1919 var eg på heimveg frå Amerika. Etter tri års opphald i eit framandt land skulde eg få sjå fedrelandet att. Og eg kan ikkje anna segja enn at eg gledde meg til å få setja foten på norsk grunn att. Men det var ein annan umbord på amerikabåten som gledde seg endå meir. Det var ein norsk-amerikansk prest som ikkje hadde vore heime på fem og tjuge år. Eg minnest mest siste dagen av ferdi. Det var tidleg um morgonen. Me stod saman attmed rekkja og stirde inn mot land. Der såg me Noreg stiga or havet, Noreg med snøkledd tindar, med fjell og skar, med grønkledde lier, med verslitne hus langsmed strendene. Å du, kor tekne me var! Og då båten seig inn millom dei ytste nakne holmane utanfor Bergen, då kom tårone i augo på sidemannen min og han sa til meg: «Her på desse holmane kunde eg leva,

her kunde eg døy». I mange år hadde han lengta heim. No skulde han få ynskje sitt oppfylt.

Helgemessesundag minner oss um at me er på vandring mot æva. For ein kristen er denne vandringi ein heimveg. Det er Gud sjølv som hev lagt ned heimlengten i hjarto våre, han hev skapt oss til samfunn med seg. Difor er hjarta vårt uroleg til det finn kvila i Han. Hå alle menneskje, små og store, er det ein langt, ein trå etter noko dei ikkje alltid veit å nemna. Me kallar det lukka. Ein kunstnar hev gjeve eit råkande uttrykk for denne lengten i eit bilæte der ein ser ein rytter som stormar fram for å fanga ei ven, ung kvinna, lukka si gudinna. Men han fær ikkje tak i henne. Kvar gong han trur han hev nådd henne, slepp ho frå han att. Soleis er det med oss og. Lukka kverv burt frå oss når me trur me hev fanga henne. Me gjer den same røynsla som Goethe let Faust gjeve uttrykk for i desse ordi: Da wo ich nicht bin, da ist das Glück (lukka er der kor du ikkje er). Difor er det mange som tenkjer med seg sjølv: Lukka her i verdi er nett dette: Å lengta og trå, å jaga og leita — ikkje å finna og få, ikkje å gripa og nå. For trur ein at ein hev funne lukka, vert ein alltid sviken og vonbroten. Lukka er ei hildring, ei luftspegling, eit draumeslott, eit Fata Morgana. — Eg nemnde nokre av desse tankane for fjortan dagar sidan då teksti fortalde um den kostesame perla som kjøpmannen var på leiting etter. Men eg hev frimod til å taka dei fram att her idag.

Er det sanning dette at lukka berre er ei hildring som alltid gjer oss svikne og vonbrotne? Nei, det er ei lukka som ikkje svik, lukka, freden og sæla som ein upplever når ein kjem i samfunn med Gud og vert hans barn ved trui på Jesus Kristus, den krossfeste og uppstadne Frel-

saren. Ja, etter Guds ord er denna lukka so stor at ein kristen vert kalla sæl heilt frå dei fyrste trivlande steg han tek på vegen til Gud, til dess han ein gong hev nådd målet og er komen heim.

Eg veit ikkje um de hev lagt merke til at alle epistlane på helgemessesundag handlar um sæla heime hjå Gud, medan høgmessestekstane talar um dei ikristne sitt liv her på jordi. Epistlane som er tekne frå Johannes' openberring, gjev oss ein glytt attum fyrefenget, dei let oss få sjå inn i himmelsalane til dei som er gjengne fyrevege og hev nådd fram. Dei er som ei ovstør hér, som tusen snøfjell som glitrar i soli. Denne glytten, dette synet skal kveikja oss upp og gjeva oss mot og kraft til å halda fram på ferdi. Me liknar Oskeladden på bilætet åt Kittelsen. Han er på veg til Soria Moria slott. Framyver viddi kjem han stigande. Han er trøytt og motlaus. Audt er det ikring han, ingen stad er det veg å augna. Frå dalen stig skodda og myrkret kjem sigande. Det gjeng smått og tregt. Men so med eitt ser han slottet langt burt. Det ligg der, høgt uppe, med kvelsøl i alle vindaugo. Og so gjeng det snøgg framyver att med Oskeladden.

Men høgmessestekstane gjeld kristenlivet her på jordi, den slitsame vandringi på den smale vegen som fører til livet. Langsmed denne vegen stend det nokre merkelege rettningsvisarar: Sæle er dei fatige i åndi. Himmeleriket er deira! Sæle er dei som syrgjer. Dei skal verta trøysta! Sæle er dei som hungrar og tyrster etter rettferd. Dei skal verta metta! Sæle er dei som vert forfylgde for rettferdi si. Himmeleriket er deira! G. s. b. De såg desse ordi frå Jesu bergpreike på kyrkjedøri da de kom inn her i dag. Det er kunstnaren Werenskjöld som hev gjeve dei form i dei takande bronserelieffane sine.

Og evangeliet for idag — etter andre teksttrekkja — lyder soleis som de høyrde: De er saltet på jordi! De er ljuset i verdil! Med desse ordi minner Jesus oss um det kravet han set til oss og den oppgåva han gjev oss. Me skal altso ikkje setja oss ned og drøyma um himmelen og sæla der. Me hev rett til å stogga eit lite bil og sjå fram mot målet. Men me skal ikkje verta ståande og gløyma oss burt.

Kva er so kravet til oss og oppgåva vår? At me skal vera ljøs og salt. Kva gjer ljuset? Det brenn. Kva gjer saltet? Det svir og held kjøtet friskt so det ikkje rotnar og vert øydelagt. Altso: Uppgåva vår er ikkje fyrst og framst å gjera, men å vera. Det skal ikkje vera noko krampaktig, noko nervøst og oppjaga yver kristenlivet vårt. Kristenlivet skal ovra seg på ein naturleg måte. Det ljøs som Gud hev tendt i oss ved sin heilage ande, skal få lysa og verma, frå dei inste hjartetægene våre, frå vår inste hug og hått, utyver i all vår ferd, i ord og i gjerd. Ljuset skal jaga burt myrkret og saltet berga oss sjølv og andre frå synd og rotenskap.

Korleis hev me so oppfyllt dette kravet og løyst denne oppgåva? Er det ikkje bots- og bededagskjenslor som fyller oss når me skal svara på det spursmålet? Det høver godt med denne ålvårsame teksti at bededagen i år er flutt til helgemessesundag for skuld den vande stoda arbeidslivet i landet vårt er i no. Ser me på tilhøvi, so vilde det ikkje vera rett å måla berre med myrke fargar. Det er mykje me hev grunn til å gleda oss yver og takka Gud for. Kyrkja til dømes. Bjørnson sine ord um henne gjeld framleides. Ho stend enno på ein høg stad i bonden sitt medvit. Ja, i andre sitt medvit og. Skulde ho ein gong verta teki burt, vilde ho verta sakna. Ho gjer

kanhenda ikkje alltid so mykje av seg. Men ho er der. Ho er ljuset og saltet i folket vårt. Ho held folket sitt samvit vake. Kyrkjjetårni peikar mot himmelen og minner folket vårt um at «vår heimstad i det høge er». Kyrkje-klokkone kling og lokkar med ein høg og heilag klang, dei kallar på gamal og på ung, men mest på sjæli trøytt og tung, sjuk etter æva si kvile. Gud møter oss i kyrkja ved dåp, konfirmasjon, brudevigsla og jordferd. Guds ord hev fritt gjenge millom oss. Det lyt me takka Gud for kvar dag. Men me kunde ynskja at kyrkja vart ei endå større makt i folket vårt og rokk endå lenger enn ho gjer. Ein legg ikkje saltet i ein klump for seg sjølv i tunna, ein strør det ut millom det som skal saltast. Skal kyrkja kunna løysa oppgåva si, lyt ho ut millom folket, ut millom ungdomen. Å du, um kyrkja og ungdomen kunde finna kvarandre! Då vart det åndeleg vår i Noreg. Og er det ikkje teikn til at det skal lukkast? Sjølve denne gudstenesta er eit sovore teikn, tykkjer eg. Det er eit misstak at det er ein motsetnad millom det kristeleg og det nasjonale, millom kristendom og fedrelandskjærleik. Det er Gud som hev gjeve oss fedrelandet. Og han vil at me skal elska det og verja det. Kristendomen vigslar det nasjonale, kastar helg og høgtid yver det.

Eg hørde ein gong eit vitnemål um korleis det kristeleg og det nasjonale kan smelta saman i ei høgare eining. På ei stemna for sjømannsmisjonen burte på Jæren fortalde ei kvinna um ei oppleving ho hadde i ei sjømanns-kyrkja i eit framandt land då ho var ute og sigla med far sin. Medan ho sat der i kyrkja, ein liten lut av Noreg på framand strand, og song dei norske salmane og lydde til Gudsordet på morsmålet, slo det ned i henne: Denne underlege kjensla av einskap millom det kristeleg og

det nasjonale hev eg havt ein gong fyrr. Og so hugsja ho det med eitt: Det var i 1905, kvitsundagen, då ho var i kyrkja og hørde upplei fra preikestolen ei fråsegn frå riksstyret. — Me treng å koma heim både i kristeleg og nasjonal meining, heim til Gud og heim til oss sjølv.

Ein annan ting som me hev grunn til å gleda oss yver, er den krigen som er teken upp her heime mot umoral og sedløysa. Shakespeare let Hamlet segja um Danmark: *There must be something rotten in the state of Denmark.* Mon det ikkje hev vore og framleides er mykje rotenskap i landet vårt og? Lat oss lysa heilag hêrferd mot umoralen og sedløysa og stydja alle gode og byggjande krefter.

Men når dette er sagt, lyt ein og vedgå at det og er mykje me hev grunn til å syrgja yver og beda Gud um tilgjeving for. Eg tenkjer då fyrst på den usæle kløyvingi i folket vårt, jamvel millom kristne. Skulde me ikkje kunna gå saman um å «rette det som rangt er, reise det som velt er, bøte med bot som duger?» «Tek kvar og ein sin vesle stein, vert snart vår åker rein». «Lat folket som brøder saman bu. Som kristne det kan seg søma». Lat oss akta oss at ikkje hat og helheimsmakter kjem til å tyna oss, so det gjeng oss som det gjekk guten i Goethe sitt dikt «Der Zauberlehrling». Han hadde ropa på dei vonde vettene og nytta ei trollbøn til å få dei i si makt og hjelpa seg med å ausa vatn. Men då han hadde fenge nok vatn, hadde han gløymt den regla som skulde til for å binde dei vonde maktene att. Og so vart det flaum so han laut ropa i si naud: «Die ich rief die Geister, werd' ich nun nicht los» (dei åndene eg ropa på, dei vert eg no ikkje kvitt).

Til slutt lyt eg nemna endå ein ting som eg tykkjer er syrgjeleg og som skjemmer folket vårt: Framferdi vår

mot folk av ei onnor rasa og ei onnor tru, innom våre eigne grenser. Eg kjenner meg bunden av samvitet mitt til å segja dette. Og eg gjer det um det so skal kosta meg aldri so mykje. Er det rett å skjera alle yver ein kam og straffa dei uskuldige med dei skuldige? Me er då nordmenn! Me er då kristne! — Ein gamal typograf frå Ålesund fortalde meg ein gong at han tidt råka Ivar Åsen då han gjekk i læra her i byen i sine unge dagar. Ein dag spurde Ivar Åsen han kor han ferdest um kvel-dane. Guten svara at han gjekk på kaféar og andre stader som ikkje alltid høvde for ein reinlivd ungdom. Ivar Åsen var ikkje nøgd med svaret og sa til han: «Det må du ikkje gjera. For hugs du er sunnmøring!» Vener, lat oss hugsa me er nordmenn! Og endå meir: Lat oss hugsa at me er kristne! — Amen.

(26/10.42)

Eit rom er tomt millom oss idag. Minister dr. Gulbrand Lunde som var Noregs Ungdomslag sin høgste tillitsmann og leidar, er brått avliden ved ei syrgjeleg ulukka. Han var ein ihuga norskdomsmann som ikkje berre leid under tvidraget i den norske folkehugen, men og under målløyvingi i folket vårt. Difor arbeidde han ikkje berre for politisk sameining, so folket vårt kunde verta eitt, men og for eining av målføri, so det kunde verta eitt mål i Noreg. Når han no er burte, vil han ikkje minst verta sakna i Noregs Ungdomslag. — Me minnest og fru minister Lunde. Ho var ei stillferdig, men samstundes sterk kvinna, harmonisk og heilstøypt og norsk til margen. Det var ikkje for inkje at ho var vaksi upp på Ørskog prestegard på Sunnmøre. Ho var ei god hjelp og stytta for manne i sin. Dei utfylte kvarandre på ein lukkeleg måte. Son dei hadde levd saman, fekk dei og fylgjast i døden. Me lyser fred yver deira minne!

Den 22. oktober 1942 var en norsk nazigrensevakt skutt ned av en transportleder for en liten gruppe jøder på flukt til Sverige. Dette ble kraftig utnyttet i den nazistiske propaganda, og brukt som et påskudd til den endelige "Entlösung" av jødeproblemet i Norge. I tillegg skulle en "lov" av 24. oktober gi grunnlag for "lovlig" arrestasjon av jødene. De skulle arresteres for folke- og statsfiendtlige bestrebelser.

Kvelden den 25. oktober var det portforbud i Oslo, noe som sikkert var satt i gang for å hindre jødene i å flykte. Jeg tenkte på dette, og mange andre tanker surret rundt i hodet på meg der jeg løp gatelangs for å varsle våre venner. Jeg håpet de hadde norske kontakter som ville gi dem husly til tross for trusler om straff. Jeg håpet de kunne finne dekning og få hjelp til videre flukt kunne forberedes.

Da jeg kom hjem igjen, tok jeg fram gamle og nye album med bilder. Jeg hadde ikke plass til alle, så bildene ble hurtig sortert. Et skift med undertøy, varme sokker og en ekstra genser var det jeg pakket i min "skoleveske". Et glass med syltetøy, litt mat, rasjone-ringskort, pass og andre viktige papirer vi kunne finne i farten, ble pakket i en annen veske. Det vi hadde igjen av penger, ble fordelt. Penger til flukten over grensen - den skulle også betales.

For mor, mine søsken og meg var 25. oktober en skjebnedag. Min søster og hennes gruppe hadde funnet dekning for oss: Min eldste søster og jeg på Frogner hos gode mennesker, min mor og lillesøster lå i dekning hos nazi-biskopen Frøyland! Bare ett av hans barn var nazist, kona og resten av barna var "jössinger" (gode nordmenn), så han foretrakk ikke å si noe.

Det var hardt å forlate vårt "varme" hjem og gi seg en ukjent skjebne i vold. Det viktigste jeg tok med meg, var den lille kufferten med bilder av familie og venner. Et siste blikk inn i stuen før entrédøren smalt igjen. Vi listet oss ned trappen - ville ikke at naboer skulle høre noe - og gikk ut i den mørke kvelden. Det var portforbud, og gatene lå øde og tomme. Intet lys slapp ut fra vinduene som alle var dekket av blandingsskitt.